



Alver kommune
Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar: ef07b66b-4c8f-4e3f-ad32-2719b0be1e02	Bente Kopperdal Hervik	06.04.2020
Vår: 20/7680 - 20/18389	bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no	

Uttale til søknad- tilbygg til våningshus - GBNR 419/1 Risnes

Viser til førespurnad om uttale til søknad om tilbygg på våningshus på gnr 419/1 Risnes datert 26. mars.

Våningshuset er plassert i verneklasse C i kulturminneplanen for Radøy kommune. I kommuneplanen står det at kulturminneplan skal leggjast til grunn ved tiltak på eksisterande bygg, i kulturmiljø og kulturhistorisk landskap. I kommuneplanen står det vidare at det ikkje bør gjevast løyve til endring av kulturminne i verneklasse C. Om kommunen gjev løyve til å endre kulturminne i verneklasse C kan det stillast vilkår til løyvet.

Våningshuset er ei typisk lemstove av den typen som vart sett opp etter utskiflingane i vårt distrikt. Det aktuelle våningshuset skal vera bygd kring 1880, men den eine stova er eldre og flytta frå det tidlegare fellestunet på Risnes. Huset er, i følgje Sefrak, bygd på i 1924 og kring 1975. Vindauge og tak er også bytta og endra sidan byggjeår.

Tilbygget er stort i høve til den eksisterande bygningen, og vil endra bygget sin karakter. Då bygget allereie er mykje endra i høve til det opprinnlege, og på bakgrunn av at det vert opplyst at dei gamle tømmerveggane vert tatt vare på, har me ikkje nokon merknader til dei omsøkte planane.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar
Kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Alver kommune

Postboks 4 5906

FREKHAUG